

Stensiltrykk nr. 14. September 1963.


Institutt for grønnsakdyrking,

Norges Landbrukskole,

Vollebekk.



VILKÅRA FOR EIN LITVIDA
GRØNSAKPRODUKSJON PÅ VIGRI.



Rapport

ved

hagebrukstandidat Gudmund Balvoll.

11. Klimatiske vilkår.

Av di det først i 1960 vart oppretta ein meteorologisk målestasjon på Vigra, må ei vurdering av dei klimatiske vilkåra på øya byggja på målingar ved stasjonane Rundøy og Ålesund. Da dei meteorologiske observasjonane fra desse to målestasjonane samsvarar godt med kvarandre, skulle ein likevel tru at dei er representative nok når føremålet er å utføra ei samanlikning med andre dyrkingsdistrikt.

Dei meteorologiske målingane viser at kyststrøka i Ålesund - distriktet skil seg ut frå resten av landet - og også frå Sverige og delvis Danmark - ved at temperaturen om vinteren er svært høg (fig. 1 og tabell 1 og 2). Jæren er det dyrkingsdistriktet for grønnsaker som det er mest naturleg å utføra ei samanlikning med. Dette distriktet har omlag 1°C lågare temperatur i jan.-feb. og har meir frost og kortare frostfri periode enn Vigra-distriktet. (Obrestad på Jæren ligg heilt ut mot havet).

I sumarhalvåret er temperaturen heller låg i distriktet. Det er difor lite truleg at det er vilkår for tidligproduksjon av grønnsaker på øya, jamvel om våren kjem svært tidlig.

På grunn av den sterke vinden er det også tvilsomt om ein kan tilrå tidligproduksjon i plastveksthus, jamvel om vilkåra alles skulle liggja godt til rette.

Den kjølige sumaren gjer at det er uråd å dyrka dei mest varmekrevjande grønnsakvokstrane, men klimaet skulle høva godt for kulturar som kål (hovudkål, blomkål, rosenkål, grønkål) og gulrot. Med rett kultur skulle ein og kunna dyrka purre med eit godt resultat.

Den milde vinteren skulle gjera at vilkåra er uvanleg laglege for overvintring på feltet av purre, rosenkål og også gulrot.

Tabell 1. Normaltemperaturar i vintermånadene °C.

Målestasjon	Nov.	Des.	Jan.	Feb.	Mars
Oslo	0,5	-3,1	-4,2	-3,6	-0,8
Grimsstad	3,6	0,8	-0,2	-0,2	1,1
Stavanger	4,4	1,9	1,4	1,1	2,2
Bergen	4,0	2,0	1,2	1,3	2,2
Ålesund	4,7	3,0	2,4	2,1	2,5
Trondheim	0,6	-2,5	-2,6	-2,3	-0,8
Stockholm	1,6	-1,0	-3,0	-4,0	-2,5
København	4,5	1,7	0	0	1,7
Berlin	6,8	4,5	3,9	4,5	5,6
London	3,8	0,7	-0,7	0,5	3,2





Fig. 1. Normaltemperaturer og normalnedbør for dei meteorologiske målestasjonane Rundby, Obrestad, Grimstad og Oslo.

Tabell 2. Meteorologiske målinger 1980. Frantall dager med vindstyrke x (Beaufort skala)

	Vigra				Obrestad				Grinstad					
	°C	Min. temp.		F.	°C	Min. temp.		F.	°C	Min. temp.		F.		
		°C	Dato	>6>3>9		°C	°C	Dato		>6>8>9	°C	°C	Dato	>6>8>9
Jan.	0,5	-7,8	30.	15-3-1	-0,4	-14,0	19.	4-1-0	-1,3	-11,4	21.	10-1-0		
Feb.	1,3	-6,2	18.	22-3-1	-0,1	-9,0	18.	14-4-3	-1,0	-14,6	14.	7-0-0		
Mars	4,2	0	7.	3-0-0	2,8	-3,0	8.	4-1-1	1,3	-5,8	18.	6-0-0		
April	5,8	-0,2	2.	12-4-1	5,0	-2,7	1.	13-4-2	5,6	-4,6	1.	2-0-0		
Mai	8,9	0,8	1.	9-1-0	9,2	-1,0	3.	5-1-1	11,9	1,1	1.	2-0-0		
Juni	11,2	6,2	16.	9-0-0	11,6	6,4	16.	5-0-0	14,7	8,4	1.	2-0-0		
Juli	13,0	7,3	1.	7-0-0	12,9	3,5	8.	6-0-0	14,8	9,1	2.	1-0-0		
Aug.	18,4	9,8	31.	7-0-0	14,8	6,3	31.	2-0-0	15,6	8,8	31.	2-0-0		
Sept.	12,0	4,5	29.	12-1-1	12,7	2,0	30	12-1-0	12,6	6,5	26.	6-0-0		
Okt.	8,8	0,9	25.	9-1-0	7,8	-0,1	30.	2-0-0	8,6	1,3	30.	8-0-0		
Nov.	5,1	0,8	19.	5-2-1	5,1	-3,5	7.	14-3-0	3,0	-3,7	21.	3-2-0		
Des.	2,8	-5,2	11.	11-8-0	2,8	-10,5	12.	8-1-0	1,0	-11,1	12.	8-2-0		
Ar	7,2			111-23-5	6,3			88-16-8	6,9			54-5-6		

II. Jord og ei sedonstilhøve.

A. Jorda.

Over store område på Vigra er det sandundergrunn som lett slepp vatnet gjennom. Vanlegvis vert dette rekne for å vera ein stor føremøn ved dyrking av grønnsaker, og med det klimaet som det er i dette distriktet, vil ei slik jord vera serleg godt skikka for grønnsaker.

På nyare dyrka jord er det mykje aurhelle i botn, og denne jorda er difor stort sett lite egna for krevjande grønnsakkulturar.

Matjordlaget er meir eller mindre moldholdig. Den eldre kulturjorda har ofte eit djupt påkøyrd matjordlag medan jord elles varierer frå rein sandjord til formida myr eller myr over sandgrunn.

Eit grovt oversyn over den beste grønnsakjorda går fram av karta: Fig. 2a - 2e.

Den allsidige grønnsakjorda (dobbeltskravert) er stort sett ei moldholdig sandjord over sandgrunn, medan det som er enkeltskravert er sandjord, og altså serleg egna for gulrot dyrking.

Areala som skulle vera serleg godt egna for grønnsakproduksjon, er utrekna i dekar og oppsett i tabell 3.

overslag over grønsakjorda på Vigra i da.

Kartblad	Gard	Allsidig grønsakjord	Gulrotjord.
Fig. 2a	Molnes	39,0	97,5
"	Roald	196,5	236,0
Fig. 2b	Roald-Rørvik	297,0	285,0
Fig. 2c	Blindheim	237,0	237,5
" "	Røsvik	94,5	112,0
Fig. 2 d	Synnes	177,5	118,5
Fig. 2e	Gløssund	97,5	
		1139,0	1006,5

Dette er eit grovt overslag. Det er svært vanskeleg å setja grenser mellom god grønsakjord og anna jord, og det heile vert svært skjønsmessig. Avgrensinga av felta har dessutan for ein stor del skjedd ved hjelp av kartfoto (flyfoto) og er innteikna på eit nokså upåliteleg kart over Vigra.

Truleg er klassifiseringa av jorda svært streng. All myrjord er såleis vraka, jamvel om ho er godt grøfta. Dette meiner eg er rett, av di ein større salsproduksjon t.d. av gulrot, bør føregå på ei mest mogleg einsarta jord for å oppnå jamn og god kvalitet.

1. Molnes.

I vest er det ca. 75 da kalkrik sandjord som skulle vera velegna for gulrot. Jorda elles på Molnes er svært steinfull, men den gamle kulturjorda på sørsida av veggen skulle vera godt brukbar til grønsaker.


2. Roald.

Den nedre terrassen i sentrum av Roald må reknast for å vera noko av den beste grønsakjorda på Vigra. Matjordlaget er jant over djupt og for det meste moldrikt. På dei høgare terrassane er jorda skarpare og matjordlaget er på mange stader litt grunt for mange grønsakslag. I sør skulle det vera gode vilkår for ein større gulrotproduksjon på flygesand.

3. Rørvik.

Store areal på nordsida av veggen Roald-Blindheim og ned mot Rørvikvågen er velegna for grønsaker, men treng grøfting. Det er difor under tvil at ei rykje av denne jorda er medteken på kartet som "god for grønsaker".

Fig. 2a.



□ = 10 da

Rørvik-
vågen

Mulnes

Roald

▣ - allsidig
grensakjend

▨ - gulrotjord

□ Tiltaks-
plan




Fig. 2b.






Fig. 2c.

7



Peilest.

Røsvik

□ = 10 deca

Blindheim

▲ Aldersheim

kirke

Fig. 2d.

□ = 1000





Fig. 2e.



□ = 10 da.

Valdres

4. Blindheim.

Med mot sjøen i nordvest er det kalkrik sandjord som er velegna til gulrottyrking. Sør for dette området er jorda "gammal" og molarik og svært godt egna for grønnsaker.

På den store sletta på Blindheim er jorda delvis myret og tung, men det er likevel store vidder med jord som eignar seg for ein allsidig grønnsakproduksjon.

I området ved kyrkja er jorda heller steinfull og grunn, og areala der er difor nedtekte under tvil.

5. Røsvik.

Arealet på nord-vestsida av husa er delvis knauset. Det vert difor rekna med at berre ca. 30 % av det dobbeltkraverte området kan nyttast til grønnsakproduksjon. Her er det skjelsandbotn dei fleste stader og jorda har difor høg pH. Denne jorda skulle difor høva godt for grønnsaker som gjev størst avling i lite sur jord, t.d. purre.

I Røsvik er det og ein god del sandjord, til dels med høg pH som skulle egna seg godt for gulrot.

6. Synnes.

Som i Røsvik er det her ein god del jord med skjelsandbotn og som difor er nokså sjølvdrenerande og har høg jordreaksjon. Også her skulle det vera gode vilkår for dyrking av purre.

7. Gjøvsund.

Mattjordlaget er i Gjøvsund jamt over djupt. Areala som i dag eignar seg for grønnsaker er likevel ikkje serleg store, då mykje av jorda er for tung til slike kulturar.

8. Bruksstorleiken.

Bruka på Vigra er av vanleg Vestlands-storleik: 20-75 da. For å oppnå ein lønsam grønnsakproduksjon hadde det vori ynskjeleg med større bruk, serleg gjeld dette hovudkulturane gulrot og hovudkål, som elles i landet ofte vert dyrka på større bruk (tabell 4).

Tabell 6. Tal bruk og prosentvis fordeling ved jordbrukskatalogering 1959.

Kommune		Bruks-storleik i da						Grønsaksareal		
		10-20	21-35	36-50	51-75	76-100	101-200	>200	Total	% av full- dyrka
Vigra	Tal	18	42	33	37	13	2	0	54,8	
	%	12,4	29,0	22,8	25,5	9,0	1,4	-		1,01
Rosen	Tal	32	38	18	14	6	2	0	218,0	
	%	26,7	31,7	15,3	11,7	5,0	1,7	-		7,40
Klepp (Rogal.)	Tal	31	29	45	87	68	192	19	1606,0	
	%	7,1	6,7	10,4	20,0	20,2	32,7	3,0		3,16
Brunlanes (Vestfold)	Tal	49	43	66	83	72	50	5	830,2	
	%	13,2	11,6	18,4	22,4	19,5	13,5	1,4		3,13
Rygge (Østfold)	Tal	29	30	34	26	28	64	33	2490,8	
	%	11,9	12,3	13,9	10,7	11,5	26,2	13,5		8,76

Den jorda som eignar seg særleg godt for grønnsaker på Vigra utgjer ca. 40 % av det fulldyrka arealet. Dette er ein svært høg prosent, men likevel har vel ikkje dei bruka som har vilkår for grønnsakdyrking gjennomsnittleg meir enn 20-25 da til rådvalde til slike kulturar. Det vil difor verta vanskeleg for dei ein-skilde dyrkarane å driva ein årvisse stor produksjon av til dømes gulrot, utan å leiga jord.

C. Næringsstilstanden i jorda.

For å få eit oversyn over næringsstilstanden i jorda på Vigra, og for å kunna gje rettleiing om gjødsling, er det utteki jordprøve fordelt over det meste av den aktuelle grønnsakjorda på øya. Prøvene vert analysert for: pH, K, P og Mg og dessutan for ein-skilde mikronæringsstoff i ein del av prøvene.

Eit oversyn over resultatane av dette arbeidet vert lagt fram i ein særskild rapport.

III. Marknadsanalyse.

I dette kapitlet vert det teki med eit oversyn over produksjon og marknadstilhøve for gulrot, kvitkål, blomkål, rosenkål og purre. Når det gjeld dei to siste kulturane, har eg svært lite materiale å byggja på. Dei er likevel medtekne, då vilkåra på Vigra ligg svært godt til rette for ein produksjon av desse grønnsakslaga.

A. Arealfordeling

Ved jordbrukssteljinga i 1959 var areala av dei aktuelle grønnsakslaga som vist i tabell 5.

Tabell 5. Jordbrukssteljinga 1959.
Areal i da

	Gulrot	Kvitkål	Blomkål	Raud-,grøn- og rosenkål	Purre
Austlandet n/Telemark	9271,3	9271,3	4205,8	703,1	719,4
Agderfylka	657,2	849,5	209,4	19,3	43,2
Rogaland	538,4	1402,0	316,6	72,0	77,9
Hordal. Bergen, Sogn og Fj.	644,9	547,6	147,6	4,6	30,2
Møre og Romsdal	750,5	456,8	72,6	3,7	2,5
Sør- og Nord-Trøndel.	1376,0	1294,6	242,0	16,7	16,6
Nord-Noreg	683,6	419,7	57,7	2,8	2,6
Heile landet	12804,0	14241,5	5429,8	822,2	892,4

Tabell 6 viser arealfordelinga i Møre og Romsdal i dei herreda som hadde over 50 da. grønnsaker på fulland.

Tabell 6. Jordbrukssteljinga 1959

	Gulrot	Alle kålslag	Purre	Andre grønnsaker og kjøkkenhage
Hoven	215,9	3,0	-	-
Bvd	71,1	3,7	-	5,2
Edøy	38,2	5,5	-	6,9
Trana	88,0	4,4	-	12,6
Vigra	37,2	1,3	1,0	15,3
Bolsøy	23,0	62,1	0,4	22,8
Sundal	20,0	35,1	-	20,9
Ørskog	0,7	45,7	0,3	9,0
Tingvoll	9,0	10,1	0,4	47,6
Borgund	4,6	16,3	-	39,7
Volda	6,2	20,1	0,1	27,9

Møre og Romsdal har omlag 5,9 % av folketalet i landet og ved teljinga i 1959 hadde dei ein like stor prosent av gulrotarealet. Av di det er naturleg at Møre og Romsdal og Trøndelag-fylka dekker underskotet av gulrot i Nord-Noreg, er det av interesse å vita at alle desse fylka tilsaman har 27,4 % av folketalet, men berre 21,9 % av gulrotarealet.

Fylket er eit typisk underskot-distrikt for hovudkål og har berre 1,9 % av det samla kålarealet.

Også blomkålproduksjonen er svært liten i fylket, berre 1,3 % av totalarealet. Nest heile blomkålproduksjonen føregår i bygdene kring Oslofjorden. Vestlandet, som skulle ha gode klimatiske vilkår for denne kulturen, har samla berre 10 % av arealet, og er

11
er et stort underskots-område.

Ser vi bort fra kålrot, er det litte salgsproduksjon av andre grønnsakslag i fylket.

5. Hovudkål

1. Pris og produksjonsutvikling

Av di Møre - og Romsdal er eit utmerkta område for hovudkål har distriktet fått tilføyd kål fra andre avdelingar. Gartnerhallen i Ålesund mottok edlats i 1957 186 tonn fra andre avdelingar og i 1958 257 tonn. Saman med Bergen og avdelinga i Nord-Noreg merker Ålesundsavdelinga seg å ha eit tilførsle fra andre distrikt.

Produksjonen av hovudkål er kjend for å vera ringa sterkt frå år til år. Dette kjem først av store variasjonar i utbytte som varierer sterkt (fig. 17). Store produksjonar i enkelte år har og ført til store prissvingingar, som dei som er vist på den realprisen vist ein fallande tendens.

2. Sesongvariasjonar

Omsetningen av hovudkål er kjend for å vera ringe. Prisen varierer med årstida og er høgst i august. Slik prisnivået har vore på hovudkål, har det gjeve stort utbytte av vinning i langtidslagring av kål, ved å selja av enkelte underskotsår, t.d. 1954-55 og sesong 58-59 (fig. 18).

3. Konklusjon

Serum fylkesgrønter i varten 1957-58, og hovudkål, er det plans for en sterk utviding av produksjonen i landsmålestokk og i tillegg er det stort behov for viderutvikling av kål, og det kan verta vorekeleg å konsentrere seg på de dyrkingsdistriktene på Austlandet. Dant over på ein annan måte at hovudkål gjev eit mindre utbytte pr. de enn potet, til dyrking av eigen arbeidsinnsats og faste bevaringar, som på eksempelvis høver såfor vintne gjev på ein måte som det kan vera arbeidskrevt.

Av di hovudkål kjem av å vere høgst til føre, kan ein heller ikkje venta av Møre og Romsdal vorekeleg tjenerutbytte ved eit stort produksjon. Dermed er det viktig å ha andre lagervare, slik som kålrot, som kan vera og til føre og til vintreproduksjon stor utbytte til å selja av i vinterstida. Til slutt er det viktig å ha nok av andre lagervare, slik som kålrot, som kan vera og til føre og til vintreproduksjon stor utbytte til å selja av i vinterstida.




Fig. 3. Gjennomsnittsprisar for hovudkål på Oslo-marknaden og totalarealet for hovudkål i landet i perioden 1935-59.




Fig. 4. Noteringsprisar fra Landbrukets Priscentral for hovudkål på Oslo-marknaden.

1. Pris og produksjonsutvikling.

Totalproduksjonen av gulrot for heile landet har sidan 1949 vori jamt stigande. Dette kjem av at areala har auka (fig. 5) og dessutan av ein sterk avlingsauke pr. da. Møre og Romsdal fylke har ein ikkje liten del av denne produksjonen (270 da i 1949 og 750 da i 1959).

Prisutviklinga på gulrot har vori gunstig (fig. 5), men det er truleg at marknaden etter kvart tek til å verta metta, og at ein difor må rekna med lågare prisar i framtida.

2. Sesongvariasjon.

Prisane på gulrot varierer sterkt gjennom sesongen (fig. 6). I underskotsår har ein stor del av produksjonen vorte salsførd alt før jul, og dette har ført til sterk prisstigning på slutten av lagringssesongen (t.d. underskotsåra 1959-60, 61-62 og 62-63.)

3. Prisutviklinga på Møremarknaden.

Etter noteringsprisane frå Landbrukets Priscentral har prisane for gulrot på marknaden i Møre og Romsdal fylgt same prisutviklinga som på Oslomarknaden. Vanlegvis har prisane vori mest stabile i Møre og Romsdal.

4. Buntevare og plastpakka gulrot.

Dei siste åra har vaska, plastpakka gulrot gjort seg meir og meir gjeldande på Oslomarknaden. Buntegulrota har etter kvart vorte meir og meir utkonkurrert av gulrot pakka i små plastposar. I lagringssesongen har kiloprisane på den plastpakka vara legi 15-20 øre høgare enn vanleg uvaska gulrot.

Ved plastpakking må ein rekna med 10-20 % svinn. Når ein dessutan tek omsyn til kostnaden ved pakkinga, er det tvilsomt om produsentene har hatt serleg stor forteneste på denne pakkingsmåten i lagringssesongen. På den andre sida er den plastpakka vara lettare å omsetja.

5. Konklusjon.

Den lokale marknaden for gulrot i Møre og Romsdal er nærpå dekkta. Av di produksjonsvilkåra for gulrot på Vigra er svært gode, vil det likevel vera naturleg at det her vert produsert gulrot med sikte på å dekkta marknaden på Sunnmøre, og at produksjonsdistrikta lengre nord i fylket omset varane sine i resten av fylket og i Nord-Noreg. Denne lokale marknaden på Sunnmøre skulle då vera dekkta med eit produksjonsareal på 150-200 da.

1. Pris og produksjonsutvikling.

Totalproduksjonen av gulrot for heile landet har sidan 1949 vori jamt stigande. Dette kjem av at areala har auka (fig.5) og dessutan av ein sterk avlingsauke p r da. M re og Romsdal fylke har ein ikkje liten del av denne produksjonen (270 da i 1949 og 750 da i 1959).

Prisutviklinga p  gulrot har vori gunstig (fig.5), men det er truleg at marknaden etter kvart tek til   varta metta, og at ein difor m  rekna med l gare prisar i framtida.

2. Sesongvariasjon.

Prisane p  gulrot varierer sterkt gjennom sesongen (fig.6). I underskots r har ein stor del av produksjonen vorte salsf rd alt f r jul, og dette har f rt til sterk prisstigning p  slutten av lagringssesongen (t.d. underskots ra 1959-60, 61-62 og 62-63.)

3. Prisutviklinga p  M remarknaden.

Etter noteringsprisane fr  Landbrukets Priscentral har prisane for gulrot p  marknaden i M re og Romsdal fylgt same prisutviklinga som p  Oslomarknaden. Vanlegvis har prisane vori mest stabile i M re og Romsdal.

4. Buntevare og plastpakka gulrot.

Dei siste  ra har vaska, plastpakka gulrot gjort seg meir og meir gjeldande p  Oslomarknaden. Buntegulrota har etter kvart vorte meir og meir utkonkurrert av gulrot pakka i sm  plastposar. I lagringssesongen har kiloprisane p  den plastpakka vara legi 15-20  re h gare enn vanleg uvaska gulrot.

Ved plastpakking m  ein rekna med 10-20 % svinn. M r ein dessutan tek omsyn til kostnaden ved pakkinga, er det tvilsomt om produsentene har hatt serleg stor forteneste p  denne pakkingsm ten i lagringssesongen. P  den andre sida er den plastpakka vara lettare   omsetja.

5. Konklusjon.

Den lokale marknaden for gulrot i M re og Romsdal er n r p  dekkta. Av di produksjonsvilk ra for gulrot p  Vigra er svært gode, vil det likevel vara naturleg at det her vert produsert gulrot med sikte p    dekkta marknaden p  Sunnm re, og at produksjonsdistrikta lengre nord i fylket omset varane sine i resten av fylket og i Nord-Noreg. Denne lokale marknaden p  Sunnm re skulle d  vara dekkta med eit produksjonsareal p  150-200 da.





Fig. 5. Gjennomsnittspris på Oslo-marknaden okt.-des. for gulrot og arealutviklinga for landet 1935-59.



Med eit større produksjonsareal må ein rekna med å omsetja gulrota i andre distrikt. Det vil då vera naturleg å basera denne produksjonen på overvintring ute på felta og sal på vårparten. Mange storprodusentar på Sør- og Austlandet har bygt kjølelager - eller har planer om det - med tanke på å utnytta dei gode marknadstilhøva i april - mai (fig.6). Ei slik lagring vil verta svært kostbar, og dersom ein kan rekna med ei nærpå sikker overvintring ute på felta på Vigra, skulle det vera vilkår til stades for ein større salproduksjon med sikte på til dømes Oslo- og Bergensmarknaden på denne årstida.

For at eit slikt produksjonsopplegg skal verta vellykka krevst det at dyrkarane har eit godt utbygt produksjonslag og salsapparat.

C. Blomkål.

1. Pris og produksjonsutvikling.

I den offisielle statistikken er det ikkje data som viser utviklinga av blomkål-produksjonen her i landet. Etter jordbruksteljningane auka arealet for heile landet med ca. 1068 da frå 1949 til 1959, ein auke som serleg føregjekk på Austlandet. Også på Sør- og Vestlandet auka areaala ein del, medan blomkålaareaala lengre nord har gått tilbake.

Blomkålavlingane pr. da svingar sterkt frå år til år. Dette er truleg den viktigaste årsaka til dei store variasjonane i prisane etter krigen. Stort sette var det likevel eit prisfall på blomkål i åra 1949-57, men i dei siste åra har det på nytt vori tendensar til prisstigning (fig.8)

2. Sesongvariasjonar.

Blomkålprisane varierer alltid sterkt gjennom sesongen. Årsaka til dette er at det svært lett vert toppar i produksjonen og at blomkål er ei lagringssvak vare.

Stort sett er det likevel typisk at dei største blomkålmengdene vert omsett i juli-august og at det er prisfall fram til august månad. I slutten av oktober og i november vert det salsført svært lite blomkål og prisane er då alltid høge (fig.7 og fig.8)

3. Pris tilhøva på Bergens- og Møre-marknaden.

Dei siste sesongane har prisane jamt over legi litt høgare på Bergens- og Møre-marknaden enn i Oslo. Prisane har dessutan vist mindre sesongvariasjon. På slutten av salssesongen har det likevel vori vanleg med ein sterk prisstigning.

4. Konklusjon.

Produksjonen av blomkål i Møre og Romsdal kan utvidast sterkt med sikte på å dekkja den lokale marknaden. Ein slik produksjon må baserast på sal gjennom heile sesongen, og




Fig.7. Relativ omsetnad av blomkål ved Gartnerhallen, Oslo, og relative tal for prisane på Oslo-marknaden 1949-57.




Fig.8. Noteringsprisane for blomkål på Oslo-marknaden.

difor må produsentane ha veksthus eller varabenk til oppal av planter. Dessutan må dei ha vatningsanlegg.

Av di det på Vigra er eit godt klima for blomkål, og svært god jord for ein slik produksjon, vil det vera naturleg at ein skilde av produsentane der satsar på ein blomkålproduksjon for den lokale marknaden.

Ein storproduksjon bør derimot byggja på sal av sein blomkål. Det er god grunn til å tru at Vigra har vilkår for å kunna produsera blomkål for sal i slutten av oktober og i november. Ein slik produksjon vil ha heile landet som marknad. Dersom salet føregår gjennom eit produksjonslag vil ein også ha ein sterk kontroll over prisane.

Ein slik produksjon kan likevel ikkje utan vidare tilråast. Blomkål er ein vanskeleg kultur, og gårdbrukarane på Vigra har førebels neppe nok fagleg innsikt til å kunna oppnå eit godt resultat. Dessutan vil det i dei fleste åra vera ynskjeleg med vatningsanlegg, særleg ved dyrking på lett jord. Det vil dessutan vera heilt turvande med eit godt utbygt salsapparat og at ein har til rådvalde ein lagerbygning med kjølelager.

Av di bruka på Vigra har lite jord, vil ein slik salsproduksjon ha store føramoner. Blomkålkulturen gjev ei stor bruttoinntekt pr. da. Dessutan er det her høve til å utnytta jorda svært godt, då det er råd å ta dobbelavlingar, t.d. ved å pløya om eng etter første slåtten og nytta jorda til sein blomkål.

D. Rosenkål.

1. Pris og produksjonsutvikling.

Det er uråd å gje nokon god oversikt over pris og produksjonsutviklinga av rosenkål, då det ikkje finst statistikk over produksjonen, og av di det ikkje er utført nokon marknadsanalyse over kulturen.

Landsproduksjonen er svært liten, men med stigande tendensar (650 da i 1959).

Storparten av produksjonen foregår på Austlandet og er basert på sal frå frosten kjen og fremover vinteren.

Prisane har vori svært stabile i fleire år (fig.9)

2. Sesonsvariasjon.

Prisane på Oslomarknaden har legi på eit visst nivå fram til årskifte, men har så stegi utover vinteren og har vori 30-50 % høgare i mars enn på førjulsvinteren (fig.9).




Fig.9. Noteringsprisar for rosenkål på Oslo-marknaden.




Fig.10. Noteringsprisar for purre på Oslo-marknaden.

3. Prisstilhøva på Bergens- og Høremarknaden.

Prisane på Bergens-marknaden har fylgt Oslo-prisane, men til einseilde tider har dei legi litt i underkant.

Når rosenkål av og til har vorti salsførd på Møre marknaden har noteringsprisen i dei siste åra vori kr. 3,- pr. kg.

4. Konklusjon.

Marknaden for rosenkål er svært liten. Det er likevel grunn til å rekna med stigande etterspurnad, då dette grønssakslaget etter kvart tek til å verta meir kjent.

Marknaden kan ikkje seiast å vera deikka. Nest heile produksjonen føregår på Austlandet og dette produksjonsdistriktet har ikkje klimatiske vilkår for å salsføra større mengder frå januar og utover vinteren. Av di vintren på Vigra er nær på snøfri, skulle ein her kunna rekna med å kunne salsføra rosenkål gjennom heile ettervinteren. Dermed skulle det vera marknad for ein slik produksjon først og fremst i Oslo, men også andre stader i landet.

Etter at det er kome fram nye sortar som ikkje er så varmekrevjande som dei som fanst før, skulle dei klimatiske vilkåra for ein slik produksjon vera gode.

Rosenkål er arbeidsmessig ein heldig kultur i grønssakproduksjonen, då ein stor del av arbeidet (avplukking, rensing, pakking), føregår i vinterhalvåret.

5. Purre.

1. Pris og produksjonsutvikling.

Som for rosenkål finst det her svært få oppgaver over pris og produksjonsutviklinga.

Også det meste av purredyrkinga føregår på Austlandet, og på eit totalarsal som er litt større enn for rosenkål. Etterspurnaden for dette grønssakslaget har auka i dei siste åra, og prisutviklinga har vori gunstig (fig.10.)

2. Sesonevariasjonar.

Purre har ein nokså lang salssesong. Alt tidleg på sumaren vert det salsført ein del purre i Oslo som buntevare. Hovudmengda av purre vert likevel omsett om hausten og framover til nyårsskiftet. Av di purre tåler lite langtidslagring og av di det er uråd å få hausta overvintre purre på ettervinteren i dei nåverande produksjonsområda, er det lita tilførsle av dette grønssakslaget på denne årstida.

3. Pristilhøva på Bergens- og Møre-marknader.

Prisane for purre på Bergens-marknaden har vori meir stabil enn i Oslo både frå år til år og gjennom sesongen. Prisnivået har kanskje legi litt lågare enn på Oslo-marknaden. På Møre ser det ut til at den vesle produksjonen som er der har vorte salsførd om hausten og omlag til dei same prisane som på Oslo-marknaden.

4. Konklusjon.

Etterspurnaden etter purre på den lokale marknaden er truleg liten, og ein kan difor ikkje basera ein større produksjon på sal i Møre og Romsdal. Derimot vil ein salsproduksjon med tanke på levering av purre på ettervinteren oppnå etterspurnad over heile landet. Vigra skulle ha svært gode klimatiske vilkår for ein slik produksjon. Her skulle ein kunna rekna med ein sikker overvintring av purre og kunne hausta frå felta når prisane er høgst - i februar-april.

Også for ein slik produksjon krevst det eit godt organisert produksjonslag og eit godt utbygt salsapparat.

Purre krev god jord i god hevd for å gje store avlingar. Mykje av jorda på Vigra er - i sin nåverande tilstand - for sur til at ein kan rekna med ein vellukka produksjon, men series på Synnes og i Røsvik er det kalkrik jord som skulle liggja vel til rette for ein slik produksjon.

Sluttmerknader.

Dei klimatiske og edariske vilkåra skulle leggja vel til rette for ein større grønsakproduksjon på Vigra.

Vilkåra for dyrking av dei tradisjonelle grønsakslaga: hovudkål og gulrot, er gode, men serleg for gulrot kan ein truleg ikkje utvida areala mykje utan å koma i omsetnadsvanskar. Jamvel om det samla arealet som kan nyttast for grønsaker på Vigra er stort, har den einskilde gardbrukar heller lite jord til rådvelde for slike kulturar. Det kan difor by på vanskar å satsa på ein einssidig grønsakproduksjon, til dømes av gulrot. På lengre sikt bør difor grønsakproduksjonen oppleggjast med tanke på å utnytta dei spesielle dyrkingsvilkåra på Vigra: kort og mild vinter og jord med uvanleg gode dreneringstilhøve. Når produsentane etter kvart lærer kulturane å kjenna, og dersom dei får god fagleg rettleiing og konsulenthjelp, er det truleg at dei sikraste og mest lønsame kulturane vil verta: sein blomkål, overvintra purre og rosenkål og overvintra gulrot.

Både for ein større produksjon av gulrot og hovudkål, men og for dei meir spesielle produkta, er det turvande at produsentane kan koma fram til ei ordna omsetnad av merkevarer. Det vil difor verta turvande å få skipa eit produksjonslag og å få oppført ein lagerbygning med pakkeri.